

Forslag til revidert forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever i Fyresdal kommune

Fastsett av Kommunestyret xx.xx.2025 med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltlova) § 9 og forskrift 15. mai 2017 om forvaltning av bever § 3.

§ 1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å bidra til at forvaltninga skjer i samsvar med forvaltningsmålet for artar i lov 19. juni 2009 nr 100 om forvaltning av naturens mangfald §5. Forskrifta skal legge til rette for ei lokal og berekraftig forvaltning med nærings- og rekreasjonsmessig nyttiggjering av viltressursen. Forskrifta skal samstundes bidrage til å hindre unødige skadar og ulemper på andre samfunnsinteresser.

§ 2. Opning for jakt og fangst av bever

Det opnast for kvotefri jakt og fangst av bever i heile Fyresdal kommune.

§ 3. Jakttid

Jakttida følgjer den til ei kvar gjeldande jakttid som er fastsett i forskrift om jakt og fangsttider vedtatt med heimel i lov 29. mai 1981 om jakt og fangst av vilt § 9.

§ 4. Utvida jakttid

Jakttida kan etter søknad utvidast med 15 dagar, frå og med 01. mai til og med 15. mai.

§ 5. Endring eller opphøyr av jakt og fangst

For å ivaretake målsettinga for bestandsutvikling for bever kan kommunen til ei kvar tid endre eller stenge tilgang til jakt og fangst av bever. Slik endring eller stenging skjer ved eiga forskrift.

§ 6. Ikrafttrede

Forskrifta trer i kraft straks. Samstundes vert forskrift 13. desember 2018 nr. 2258 om tilgang til jakt og fangst av bever, Fyresdal kommune, Telemark oppheva.